

GREENT PENSUM/SYLLABUS

Green Entrepreneurship Syllabus

Part of the GREENT Project

Funded by the ERASMUS+ Programme of the European Union

Created by: Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane and JA Bulgaria

This publication has been created with the financial support of the European Union through the Erasmus+ Programme. It reflects only the author's view and the National Agency and the European Commission are not responsible for any use that may be made of the information it contains.

Innhald

Innleiing	3
Kven er dette pensumet for?	3
Forståing av omgrepet «Grønt entreprenørskap» i GREENT pensum	3
GREENT læringsmål	4
Pedagogiske prinsipp	4
Læringsutbytte.....	5
Læringsstrategier og metoder, type aktiviteter.....	5
GREENT kurs pensum.....	6
Tilnærming 1 : Utvikle idear og løysingar for framtida basert på kreativ tenking og innovasjon	9
Tilnærming 2: Deltaking i ein Gründercamo	10
Tilnærming 3: Starte opp ei grøn bedrift - studentbedrift.....	11
Tilnærming 4 : Gjere undersøkelser basert på ei lokal utfordring.....	12
Vurdering av læringsutbyttet frå GREENT kurset.....	13

Innleiing

Dette pensumet er ein del av GREENT prosjektet, som er finansiert av Erasmus+ programmet i den Europeiske Union. GREENT prosjektet arbeider for og tek sikte på å utvikle innovativ kompetanse og pedagogisk innhald på berekraftig entreprenørskap som kan undervisast i, i grunn- og vidaregåande skular rundt i heile Europa. Dei fem prosjektlanda – Bulgaria, Hellas, Romania, Latvia og Noreg – arbeider fram prosjektet gjennom eit samarbeid og delings paradigme der vi legg til rette for ein prosess der lærarane vi arbeider saman med i prosjektet – fem frå kvart land – kan vere med å utvikle og skape pedagogisk innhald, i staden for å berre overføre etablert kunnskap til elevane i klasserommet.

GREENT filosofien legg til grunn ein interaktiv læringsform for å skape og legge til rette for grønt entreprenørskap i skulen. Difor er dette pensumet nært knytt til GREENT sin interaktive lærings metode som vi har utvikla – dei to dokumenta må sjåast og brukast saman av lærarane som ynskjer å undervise i grønt entreprenørskap, enten som eit frittstående emne eller som emne som kan integrerast i ulike fag.

GREENT har gjennomført ein forskingsrapport som seier at i dag har ingen av dei fem landa ein eigen plan for entreprenørskap i sine læreplanar. GREENT pensumet er tenkt å være eit fleksibelt verktøy der lærarar kan eksperimentere og integrere delar av GREENT i ulike fag (som til dømes biologi, kjemi, geografi, fysikk, filosofi, framandspråk, etc). Ein kan og bruke det som eit fullverdig kurs som vil gje studentane ei djup forståing av dei verdiane og prinsippa som ligg til grunn for grønt entreprenørskap og korleis ein brukar det i praksis.

Kven er dette pensumet for?

GREENT pensumet er nyttig for alle lærarar i grunn- og vidaregåande skular som er interessert i spørsmål knytt til berekraftig utvikling, entreprenørskap, menneska si påverknad på miljø, samfunn og innovasjon. Det er for lærarar som er villige til å eksperimentere og være nyskapande i og ute av klasserommet, for å gje ei annleis og meir gjevande læringserfaring for elevane.

Forståing av omgrepet «Grønt entreprenørskap» i GREENT pensum

For oss som er med i GREENT prosjektet er den kortaste definisjonen av grønt entreprenørskap, og den definisjonen som tek opp i seg dei mest vesentlige trekka fylgjande:

“**Grønt entreprenørskap** er å bevisst ta omsyn til miljø / sosiale problem / behov når ein realiserer entreprenørielle idear med høg risiko, og som har ein netto positiv effekt på naturmiljøet og samtidig er finansielt bærekraftig.”

“**Grøn entreprenør** er nokon som startar og driv ei gründerverksemd som er grøn både når det gjeld produkt og prosessar frå starten av.

GREENT læringsmål

- La elevane oppleve og bli påverka av naturen som kjelde til liv og inspirasjon til å utvikle sine grønne tankar som framtidige gründerar.
- Utvikle nye ferdigheter og kompetansar som krevst for å skape grønne arbeidsplasser og grønt entreprenørskap.
- Betre unge si forståing av dei nye realitetane i verda når det gjeld arbeids og næringsliv.
- Betre lærarane sitt arbeid når det gjeld å levere høg kvalitet på utdanning som kombinerer ansikt-til-ansikt og online læringsstrategiar.
- Å gje ein balansert blanding av kunnskap og aktivitetar både innanfor "grøn" og "gründer" domena, slik at studentane til slutt har eit ønske om å lansere en grøn gründer venture- (ikkje nødvendigvis sitt eige selskap, dei kan bruke dei same prinsippa om grønt entreprenørskap i eit stort firma eller offentleg administrasjon om dei arbeider der) og kjenner seg budde på å gjere det.

Pedagogiske prinsipp

Desse prinsippa er ein integrert del av både GREENT pensum og GREENT interaktiv læringsmetodikk:

- Ei elevsentrert tilnærming der fokus for undervisninga er på elevane si læring heller enn på å kommunisere definerte innhald eller kunnskap;
- Prosjekt basert læreprosess ;
- Oppdaging av verkelegheita, danning av eiga forståing og utvikling av dugleikar gjennom «learning-by-doing» aktivitetar og erfaringsbasert læring, mellom anna gjennom involvering av eksterne ekspertar / mentorar i den pedagogiske prosessen;
- Elevane konstruerer si eiga oppfatning av verkelegheita; det er elevane som skapar kunnskap heller enn at kunnskap blir pålagt eller overført ved direkte instruksjon, og elevane blir medeigarar i og er med på å lage sitt eige læringsmiljø.
- Utvikling av sjølvstyrt læring der elevane tar ansvar for eiga læring;
- Samarbeid og samarbeidslæring kan gjerast av studentar både i og ute av formell undervisning;
- Ingen «one-size-fits-all» tilnærming for lærarane - vår modell inkluderer element av sjølvevaluering og pedagogisk design, slik at læraren ikkje berre "leverer" eit allereie gitt pensum, men snarare designar og justerer læremiddel som er tilgjengelige og som blir tilpassa elevane.

Læringsutbytte

Læringsutbytte er:

*"Ei formell erklæring om kva ein forventar studentane skal lære i eit kurs. Forventa læringsutbytte viser til spesifikk kunnskap, praktiske ferdigheiter, grad av fagleg utvikling, haldningar, høgare-ordens tenking ferdigheiter, etc. som ein lærestad forventar at elevane skal utvikle, lære, eller meistre i løpet av eit kurs. »(Suskie, *Assessing Student Learning : A Common Sense guide*, 2004).*

Læringsutbyttet som er ønska og forventa av ei vellukka gjennomføring av GREENT kurset i grunn- og vidaregåande skule er angjeve i avsnittet "GREENT pensum" i tabellen, der kvart emne inneheld ein referanse til den forventa kunnskapen, ferdigheitene, kompetansane og tenkjemåten elevane skal ha på grønt entreprenørskap.

Det mest gjevande utfallet for dei elevane som gjennomfører GREENT kurset, men og for lærarane som legg til rette for elevane, for oss som utviklar kurset og for andre ekspertar på utdanning, er at elevane utviklar ein medviten og berekraftig grunder tenkjemåte. Denne tenkjemåten inkluderer alle delane i eit «entreprenør tankesett» (toleranse for risiko og usikkerhet, evne til å akseptere feil og lære av det, sjølvstyrt læring, bias mot handling, tilsikta nysgjerrighet og kreativ sjølvtilitt), samtidig som ein ser på dette med auger prega av berekraftig heilskapstenking, og ein miljø og samfunnsmoral som respekterer verdien av alle levande ting, eit syklisk syn på tida som ser både framover og bakover, eit ansvarleg forbruk, samarbeid og teamarbeid, sjølvkost, demokrati, og bruk av føre var prinsippet.

Læringsstrategiar og metodar, type aktivitetar

Dette er berre ein liten indikasjon på det enorme utvalet av strategiar og aktivitetar som kan brukast av ein lærar som gjennomfører GREENT kurset. Tru mot vår overtiding om at læraren er medskaparen av innhaldet og kan justere det etter elevane sine behov og tempo, gjev vi rom for eksperimentering og fridom til kvar lærar - moglegheitene er uendelege! Heile GREENT kurset vil innehalde mange ulike forslag til konkrete aktivitetar som brukar ei rekkje av dei strategiane som er omtala nedanfor, desse er bare rettleiande på dette tidspunkt:

Blanda læring – det er omtala i detalj i GREENT sin interaktive læringsmetodikk.

- Gruppe-arbeid mellom elevar - ansikt-til-ansikt læring med gruppebasert student generert innhald, klasserom undervisning ansikt-til-ansikt, etterfylgt av individuell online innhald generert av elevane.

- Nærvær og involvering av foreldre i den pedagogiske prosessen gjennom offentlege aktivitetar, til dømes offentlege prosjektpresentasjonar, skulemesser osv. Foreldre kan også bli invitert i klasseromma som bedriftsrådgjevarar / mentorar om deira faglege kompetanse er knytt til tema.
- Individuell eller gruppeprosjektbasert arbeid: til dømes, finne alle produsentar av yoghurt innanfor ein radius på 50 km frå staden du bur og vurder kor miljøvennlege deira produkt er i høve til kriterier du har bestemt på førehand, eller gjer eit intervju med ein lokal miljø-entreprenør du har identifisert gjennom forskning og førebu eit videoklipp for å vise fram den verksemda til denne entreprenøren.
- Ulike etiske dilemma og utfordringar. Bærekraftig liv og grønt entreprenørskap handlar om å gjere medvitne val. Det er derfor vi har lagt inn ei rekkje aktivitetar knytt til å diskutere dilemma og ta avgjerder basert på innhenting av informasjon frå ulike kjelder. Dette tener også som mål å utvikle elevane sine ferdigheiter på kritisk tenking.
- Argumentasjonstevlingar på kontroversielle tema knytt til bærekraftig utvikling og grønt entreprenørskap.
- Øvingar som utviklar kunnskap om bærekraftig utvikling, fornybar energi, avfall, klima, osv.

GREENT kurs pensum

GREENT læreplanen er delt inn i to hovuddelar.

Del 1 er meint til å gje kunnskap om naturlege system, bærekraft og grønt entreprenørskap ved å gje teoretisk grunnlag, eksempel og høve til praktisk arbeid og opplevingar som høver for den læringsforma vi har lagt opp til.

Del 2 er obligatorisk for alle elevar som tek heile GREENT kurset. Elles ville ikkje prosjektet omhandla det å være gründer. Tanken er å oppmuntre elevane til å hoppe på ei gründer reise og få kjennskap til grønt entreprenørskap gjennom praktiske aktivitetar. Å lage partnerskap utanfor skulen i den praktiske delen ser vi og på som særskilt viktig. Det kan være eit samarbeid med ei lokal bedrift som kan gje kunnskap om den grønne delen eller gründer delen. Det kan også være ein lokal organisasjon som arbeider med miljøspørsmål, energi og bærekraft på nokon som helst måte eller det kan vere ei bedrift som til dømes arbeider med avfallshandtering. Partneren kan også være ein einskild person i ein organisasjon eller ein person dedikert til eit av faga.


Det er til saman 4 store emne. Heile GREENT innhaldet er utvikla på ein måte som vil gje læraren maksimal fridom til å velje å undervise einskilde delar av kurset eller å ta heile kurset.

Emne og underemne	Læringsutbytte - kunnskap	Læringsutbytte – dugleikar, kompetanse og tenkjemåte
Del 1, kapittel #1: Naturlege system		
	<p>Få ei forståing og oversikt over naturlege system og korleis dei fungerer. Dette er nøkkelen til kompetansen og kunnskapen ein treng for å forstå klima, miljø og fornybare energi utfordringar generelt.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva er eit system? Korleis fungerer det? • Systemgrenser • Økosystem • Biologisk mangfald og naturlege system • Naturlege syklusar og straumar – materiell og energi. • Sjølvregulerande mekanismar av jorda • Menneskelege system og menneskelege påverkningar på naturlege system <ul style="list-style-type: none"> ○ Klimaendring ○ Forureining ○ Avfall ○ Tap av biologisk mangfald ○ Jord degradering • Korleis ta vare på natur og naturressursar på ein betre måte. 	<p><u>Dugleikar (døme):</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Skildre det biologiske mangfaldet i eit valt område • Berekne einskilde karbonutslepp • Skildre effektar av økonomiske aktivitetar • Foreslå prinsipp for tiltak som vil forbetre tilstanden av biologisk mangfald. • Arbeide med framtidsbaserte scenario • Arbeide med vitenskapleg informasjon • Forskings dugleikar • Setje verdi på ulike økosystemtjenester • Analyse og syntese av informasjon • Presentasjon av resultat <p><u>Kompetanse (døme):</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Empati og emosjonell intelligens • Kritisk tenking • Samarbeid • Grunngeving av eige synspunkt framfor andre • Bruk av kunnskap frå ulike kjelder • Kritisk tenking • Adressere tilbakemeldingar • Kreativitet • Samarbeid <p><u>Tankesett (døme)</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Heilskapleg tenking, sjå problem i deira inter og gjensidig avhengighet • Systematisk tenking • Ansvar • Bærekraftig tenkjemåte


Del ein. Kapittel #2: Bærekraft

Basert på kunnskap frå kapittel 1, få ei forståing av bærekraft og bærekraftige løysingar som fører til å ta handlingar i del 2.

- Historie
- Ulike tilnærmingar til bærekraft
- Kva er bærekraft når det gjeld natur og naturressursar?
Dei fire systema og dei fire bærekraftprinsippa



Diagrammet for bærekraftig utvikling ved samløpet av tre bestanddelar delar.



Eit diagram som viser forholdet mellom dei "tre søylene av bærekraft) der både økonomien og samfunnet er avgrensa av naturen sine tålegrensar.

- Kva er bærekraftige løysingar?
- Korleis skape bærekraftige løysingar som påverke klima, miljø, energi og handtering av avfall på ein miljø- og klimavenleg måte
- Bærekraftige løysingar i kvardagen – globalt og lokalt
- Bærekraftige bedrifter som fører fram til det neste kapittelet "Grønt entreprenørskap"

Dugleikar:

- Arbeide med vitskapleg informasjon
- Utføre enkel miljøvurdering av eit virksomhetsprosjekt
- Forskings ferdigheiter
- Analyse og syntese av informasjon
- Presentasjons dugleikar

Kompetanse:

- Empatisk og emosjonell intelligens
- Kritisk tenking og skilje falske løysingar
- Samarbeid
- Grunngeving av eige synspunkt framfor andre
- Bruk av kunnskap frå ulike kjelder
- Kritisk tenking
- Adressering av tilbakemeldingar
- Kreativitet
- Samarbeid

Tenkemåte:

- Heilskapleg tenking, sjå problem i deira inter og gjensidige avhengighet
- Aktiv haldning til livet
- Utforskande haldning
- Entreprenørskap
- Ansvar
- Initiativ
- Risikotaking
- Bærekraft

Del 1. Kapittel #3: Grønt entreprenørskap		
	<p>Kombiner kunnskap frå del 1, kapittel 1 og 2 med emne om entreprenørielle dugleikar og kunnskap</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva er entreprenørskap? • Kva er forskjellen mellom entreprenørskap og grønt entreprenørskap? • Kva definerer grøn økonomi • Sirkulær økonomi • Korleis starte opp og administrere ei grøn verksemd • Kva er fordelen med å starte opp ei grøn verksemd samanlikna med ei ikkje like grøn verksemd ? • Berekraftig forretningsmodell • Generel bedrift oppstart og korleis lage ein forretningsplan • Viktige ting ved bedriftoppstart og drift, til dømes kunde, marknadsføring, sal, kundertjeneste, økonomi, etc • Kartlegging av lokale moglegheiter for å starte opp ei grøn verksemd 	<p><u>Dugleikarr:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Forretningsplanlegging • Forretningsmodellering • Kundeoppdaging • Finansiell planlegging • Bruke prinsippa i den sirkulære økonomien til ein eigen forretningside <p><u>Kompetanse:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Kritisk tenking • Innovasjon • Kreativitet • Samarbeid • Prestasjon og positive innflytelse <p><u>Tenkemåte:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Etisk åtfærd • Entreprenørsk tenkemåte • Initiativ • Risikotaking • Ansvar for framtida • Bærekraftig
Del 2. Kapittel #1: Mine løysingar for framtida		
<p>Denne delen kan gjerast individuelt eller som eit gruppearbeid. Uansett bør den innehalde eit partnerskap med lokalt næringsliv, organisasjonar eller offentlege tenester.</p> <p>Denne delen er delt inn i ulike nivå og ulike måtar å tenke på. Dette vert gjort for å få merksemda til ulike skular, elevar og lærarar som har ulik tilnærming til læring. Nokon skular vil kanskje bruke mykje tid på GREENT kurset, medan andre kanskje ynskjer kortare program. Prosjektet har som mål å skape så få avgrensingar for gjennomføringa av innhaldet som mogleg. Dei ulike tilnærmingane vil og passe til ulike typar skular ved at vi kan møte krava til både yrkesopplæring og studieførebuande. Viss vi har ein «light-versjon» som høver alle, og fleire andre tilnærmingar der elevane kan fordjupe seg på enten ein praktisk eller fagleg måte, vil det være ein betre sjanse for at vi vil møte fleire ulike behov.</p> <p>Tilnærming 1 : Utvikle idear og løysingar for framtida basert på kreativ tenking og innovasjon</p> <p>Denne er "light" versjonen av programmet og kan gjerast av alle, uavhengig av alder og kompetanse. Grunnlaget for denne delen er kreativ tenking og innovasjon innan for rammene rundt GREENT prosjektet. Læringsutbyttet frå denne delen kan være:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sette fokus på miljø, klima og energi-utfordringar • Auke bevisstheita blant studentane på desse utfordringane både lokalt og globalt • Lære forskjellige måtar på korleis enn kan løyse problem og utfordringar • Kombiner din eigen kunnskap med kreativ tenking • Forstå korleis partnerar ser problema og deira tankegang om ulike løysingar og tilnærmingar 		

Metode:

Først og fremst, må denne delen ha tidsavgrensingar sidan det er meint for skular som har avgrensa tid til å involvere seg i prosjektet. Vi må sørge for at dei får ein ordentleg innføring i emne, basert på ramma rundt GREENT prosjektet og at studentane får kunnskap om prosjektet sitt hovudformål. Vi foreslår følgjande metode:

- Introduksjon til emnet/kunnskap om GREENT: 30-60 minutt
- Arbeidsfase : 120 minutt
- Levere inn rapportar/ presentere i klassa : 60 minutt

Arbeidsfasen kan delast inn i ulike dagar slik at elevane får høve til å komme i kontakt med ein partner. Her er eit eksempel på korleis dette kan gjerast:

Alternativ 1:

- Oppstart – dag 1 (30-60 minutt) : Introduksjon – noko kjennskap til GREENT prosjektet – hovudmål og formål. Noko generell kunnskap om globale miljø-, klima og energiutfordringar.
- Arbeidsfase – dag 1 (60 minutt) : Definer "ditt" problem – lokalt, regional, nasjonalt eller globalt. Lag ei kort beskriving av problemet og begynn å gjer di korte forskning i ulike kjelder (bøker, lærar, internett osv) for å utvide kunnskapsnivået. Kom i kontakt med din partner og still dine spørsmål angående løysing.
- Arbeidsfase – dag 2(60 minutt): samle svara frå din partner og få dei inn i svaret ditt.
- Førebu rapport (1-2 sider).
- Lever inn rapportar – klasseromspresentasjonar – dag 2 (60 minutt).

Alternativ 2:

Same som alternativ 1, men basert på ein "virtuell" partner. Dersom studentane vel å ha ein "virtuell" partner kan heile programmet gjennomførast på ein dag

Partnerskap involvering:

Partnerskap involvering i denne delen kan enten være ein fysisk eller ein "virtuell" partner. Dersom studentane vel ein fysisk partner kan det være ei lokal bedrift, ein organisasjon eller ei offentleg teneste. Partnaren må enten ha ei klima/energi/miljøutfordring framføre seg, eller dei kan gje kunnskap om eleven si løysing. Det må være direkte kontakt mellom partner og student på ein eller anna måte. Elevane kan gjer intervju, stille spørsmål og sjølv besøke deira partner om dei vil det.

Det kan kanskje ikkje være mogleg for alle skular å finne ein fysisk partar som høver deira prosjekt. Ved å velje ein «virtuell» partner, kan elevane gjer ei kort forskning på internett, og dei kan finne på sin egen «partner» og «partnerskap historie». Til dømes: «Basert på kva vi har funne ut, har denne verksemda eit stort problem med å handtere avfallet deira på ei miljøvenleg måte og vi har funne den perfekte løysinga for dei...»

Tilnærming 2: Deltaking på ein Innovasjonscamp

Innovasjonscampen er ein treningsleir for kreativitet og det å lage løysingar. Læringsutbyttet om klima, miljø- og energiutfordringar kan være:

- Å sette fokus på miljø, klima og energiutfordringar
- Gjer studentane medvitne på desse utfordringane både lokalt og globalt
- Lære forskjellige måtar og metodar på korleis ein kan løyse desse problema og utfordringane
- Kombinere di eiga kunnskap med kreativ tenking

- Forstå korleis partnarane ser problema og deira tankar om ulike løysingar og tilnærmingar
- Lære gjennom tilbakemeldingar frå partnaren din
- Lære ved å gå til partnaren din og sjå korleis dei tenkjer og arbeider

Metode:

- Ein innovasjonscamp kan vare 1, 2 eller 3 dagar, avhengig av kva som høver for skulen og partnar(ane).
- For å arrangere ein innovasjonscamp, treng klassen eller skulen ein eller fleire partnarar.
- Det beste scenarioet for ein innovasjonscamp, er å få elevane ut av klasserommet/skule og la partnaren deira være vertskap for leiren. Om ikkje det er mogleg, er den nest beste løysinga å flytte leiren til ein annan del av lokalmiljøet eller skulen. Poenget er å få elevane ut av sitt ordinære klasserom. Om dei to første alternativa ikkje høver, er der eit tredje alternativ, å halde campen på skulen. Dette alternativet vil og fungere godt om representantar for næringsliv/NGO partnar kjem på skulen som mentorar for studentgruppene.
- Oppgåvene som skal løysast må gjevast av partner(ar) og oppgåvene må være så realistiske som mogleg. Det må være ei reell utfordring for partnaren. Til dømes: «Vi treng råd frå deg om korleis vi kan bli meir miljøvenlege og redusere mengda papir som blir brukt i selskapet vårt».
- Innovasjonscampen kan starte med ein introduksjon av partnaren (5-10 minutt) der partnaren informerer om seg sjølv. Deretter kan ein gå inn i kreative aktivitetar for å sette studentane i ei kreativ stemning.
- Etter kreativitet, kan oppgåva bli avslørt og gjeve til studentane.
- Innovasjonscampen treng ei lang arbeidsfase i grupper på 5-6 studentar.
- Leiren avsluttast med presentasjonar av gruppeløysingar og tilbakemeldingar frå partnarane. Det vil sjølvstundtast forde at partnarane er til stade.

Partnarskap involvering:

- Innovasjonscampen er ganske krevjande for dei involverte partnarane. Dei viktigaste bidraga frå partnarane vil være:
- Definere oppgåver for innovasjonscampen og presentere dei for elevane.
- Lage ein papirversjon av oppgåvene som skal delast ut til elevane.
- Mentorere – gje råd til studentane i løpet av campen. Dette kan gjerast ved å besøke gruppene, eller å vere tilgjengeleg på telefon og e-post.
- Gi tilbakemelding til gruppene under gruppepresentasjonar.
- Å være ein del av juryen for å bestemme kven som er vinnargruppa (dette kan ein hoppe over om ein ikkje ynskjer konkurranse elementet).

Tilnærming 3: Starte opp ei grøn bedrift – studentbedrift (her også Ungdomsbedrift/elevbedrift).

Starte opp ei grøn bedrift bør være basert på studentbedriftprogrammet i det landet der elevane kjem frå. Kvar land har litt forskjellige tilnærmingar til studentbedriftprogrammet og oppstart av ei grøn bedrift bør gjerast nært opp til dette programmet. Den grønne verksemdstilnærminga er den mest krevjande delen av GREENT prosjektet. Det krev at studentbedrifta har ein grøn forretnings idé eller i det minste at grøn tenking er ein del av forretningsideen. Normalt blir ei studentbedrift danna, gjennomført og lagt ned i løpet at eit skuleår.

Læringsutbyttet frå å drive ei grøn verksemd kan være:

- Sette fokus på miljø, klima og energiutfordringane I eit breiare perspektiv ved å drive ei eiga verksemd.
- Gjere studentane meir medvitne på desse utfordringane både lokalt og globalt.
- Lære korleis ein utviklar og implementerer ein grøn forretnings idé.

- Lære om marknadsføring av grønne forretningsidear og økonomi knytt til å drive ei grønn verksemd.
- Få meir kunnskap om utfordringar innan klima, miljø og energi og korleis ein skal forholde seg til dette.
- Lære av bedrifta sin eigen mentor om korleis ein skal forholde seg til klima, miljø og energiutfordringar.

Metode:

- Starte, implementere, drifte og legge ned di eiga grønne verksemd.
- Dette må gjerast nært opp til studentbedriftsprogrammet i ditt eige land.
- Studenten si verksemd skal registrerast i Junior Achievement/Ungt Entreprenørskap i eige land.
- Forretningsideen kan være alt frå ei marknadsføringskampanje, som kan gje kunnskap om emne innan GREENT prosjektet, til ei miljøvenleg teneste eller produkt.

Partnerskap engasjement:

Partnerskap engasjementet i denne tilnærminga må være nært opp til mentor program for studentbedrifter basert på skildring av involverte mentorar i eige land.

Tilnærming 4 : Gjere undersøkingar basert på ei lokal utfordring.

Dette er den akademiske tilnærminga til faget. Hovudmålgruppene er dei allmennfaglege elevane. Den må innehalde ei viss mengde faglege krav i med omsyn til metodar og rapportering.

Læringsutbyttet av denne tilnærminga kan være:

- Sette fokus på miljø, klima og energiutfordringar i eit breiare perspektiv ved å gjere eiga forskning.
- Gjere studentane meir medvitne på desse utfordringane både lokalt og globalt.
- Lære korleis ein kan gjere forskning på klima, miljø og energiutfordringar.
- Lære om ulike metodar og tilnærmingar for å gjennomføre forskning.
- Å redusere og dele djupare kunnskap om utfordringar knytt til klima, miljø og energi.
- Lære av forskingspartnarar på korleis ein forheld seg til klima, miljø og energiutfordringar.
- Lære å diskutere problem og utfordringar knytt til emne.
- Lære å lage konklusjonar frå forskinga.

Metode:

- I forskningstilnærming trengje vi å halde fram med dei faglege tradisjonane.
- Studentane treng å definere eit mål for forskingsprosjekt sitt.
- Forskingsspørsmål må gjerast.
- Studentane vil bli utsyrt med ein mal for forskingsrapport.
- Studentane kan velje mellom ulike metodar som intervju, tekstbasert forskning, undersøkingar eller saks-studering.
- Det må være avgrensingar når det gjelder ord eller sider i sin forskingsrapport.
- Studentane sine funn skal presenterast for lærar, klasse, skule og/eller eksterne partnerar.
- Viss dei vil, kan dei publisere funna deira.
- Rapporten skal innehalde og introduksjon/abstrakt diskusjon og konklusjon.
- Rapporten må også innehalde ei liste over kjelder på vanleg måte.

Partnerskap engasjement:

Partnerskap engasjementet i forskning tilnærminga definerer gründerdel (ENT I GREENT). Elevane må finne ein forskingsrådgjevar enten frå universitet, høgskule, lokal bedrift, organisasjon eller offentleg sektor. Elevane kan og finne ein forskingspartner eller fleire forskingspartnerar mellom medstudentar. Forskinga kan utførast i grupper av studentar. Lærarane sitt engasjement som rådgjevarar er og viktig.

Vurdering av læringsutbyttet frå GREENT kurset

Alt vurderingsarbeidet skal vere drive av ein heilskapleg tilnærming og må ta omsyn til læringsutbytte som einskild elevar og klassa som heilskap har oppnådd, tenkjemåten og kompetansen som er utvikla bør takast særskilt omsyn til.

Stykkevis tilnærming og mekanisk opp summerte karakterar for dei einskilde elementa som utgjør vurderingsprosessen vil ikkje fungere bra, og det vil være ein fare for å gå glipp av viktige funn eller innsikt studentane har fått, noko som kan ha skjedd utanfor dei formelle vurderingsprosessane. Lærarane vert oppmoda til å utforske og presentere sine eigne strategiar basert på GREENT sitt pedagogiske innhald.

- Studentar reflekterer over eigne prestasjonar og kunnskapar og utvikling av ferdigheiter enten i eit "fri flyt" format eller gjennom bruk av formelle sjølvvurderingsverktøy (til dømes spørjeundersøkingar med lukka og opne spørsmål).
- Lærargraderte quizar
- Peer vurdering – spesielt nyttig når ein arbeider saman i grupper for å levere eit prosjekt, presentasjon, etc.
- Lærarevaluering av individuelle prestasjonar innanfor eit gruppearbeidsprosjekt.